

**"Campusmøte HVL/Førde torsdag 30. april 2025 kl 1230 (tidsramme 1 t 30 min) fysisk møte på Anga – ingen deltok på nett. Referat:**

Tilstades: Monica Wammen Nortvedt (leiar – leia møtet), Gizem Ates Venås (FTMS), Per Kristian Engdal (FTMS), Irene Valaker (FSH), Anny Aasprang (FHS), Øyvind Midtbø Berge (nestleiar) og Hans Jakob Reite (sekr).

Forfall: John Tveit (ASAL/observatør), Julia Maureira (student), Oda Solheim (student), Geir Kåre Resaland – (prorektor/observatør), Sigurd Sandvoll (FLKI/observatør)

Sakliste:

**7/25: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Endeleg godkjenning av tidlegare godkjend referat frå februar møtet. Godkjendt.**

**8/25: Status oppfylgingspunkt frå Campusmøtet til TL: «Campusmøtet ønskjer at HVL som institusjon vert representert i referansegruppa for Vestlandslegen i Førde». Geir Kåre.**

- Det har vore kontakt med UiB som kjem til å kalle HVL inn i referansegruppa for Vestlandslegen. Kven som stiller for HVL vert handtert frå rektoratet.
- Vidare oppfølging av Campus Vie-prosjektet: Det vart opplyst at HVL ved toppleinga har vore på styringsgruppemøte om Helseklynga og møte om framtidig bruk av Angabygget. Det er underteikna intensjonsavtale. Vi får meir informasjon om dette i neste møte.

**9/25: Status oppfylgingspunkt: EXPO med avslutning for FTMS/Førde vert tors 12. juni. Kva med å også presentere helseforskninga denne dagen – i tillegg til forskinga på FTMS? Per Christian og Anny drøftar dette nærare. Frå våren -26 bør ein kunne ta sikte på ein felles sluttdato, sjølv om det gir plassutfordringar.**

- Vi samordnar EXPO i Førde tors 12. juni med rekrutteringsfestivalen ELEVATE. Opplegget er i prosess, og Per Christian held i dette. Opplegget skal omhandle meir enn bacheloroppgåvene. Nokre stikkord om kva som kan gå inn i ELEVATE-festivalen i samarbeid med oss: Kent Roger Engdal på Spenst, intelligente proteser, hjartestartar, intelligente bustader – smarthus, VM i vektlyfting og frampeik mot forskingsdagane.
- For 2026 fylgjer Anny og Per Christian opp prosessen med å finne felles sluttdato for alle bachelorutdanningane i Førde.

**10/25: Oppfylgingspunkt: Status samlingsarenaer og påmelding frå HVL v/ Hans Jakob.**

- Oppfylgjinga skjer på langs to liner:

A: Det «kortsiktige» vert oppfølgt dei siste to månadene før det konkrete arrangementet. Hans Jakob i samarbeid med rektorat og fakultet.

B: I det «langsiktige» perspektivet vert det på nytt prøvd å lage eit årshjul frå 1. august. Sjå sak 15/24 frå campusmøtet 24. oktober 2024. Hans Jakob lagar eit utkast som vi drøftar på mail før ferien.

### **11/25: Oppfylgjingspunkt: Læringslaben ved HVL/Førde: Korleis kan vi få betre effekt av denne?**

- **Kapasitet videoredigering mm – Hans Jakob**

- Steffen har styrka kapasiteten vår i Førde, og vi må få han til å gi eit kurstilbod i videoredigering. Hans Jakob fylgjer opp.
- Elles er tilbakemeldingane som før: Læringslaben gir mest hjelp til sjølvhjelp. Større prosjekt må sendast medielaben, og der er lang kø.

- **Fremje læringslaben som arena for samarbeid mellom studentar på tvers av fakulteta våre - Anny og Per Christian.**

- Per Christian gav ros til Gizem og resten av realfaggjengen som tilbyr leksehjelp kvar torsdag og dessutan gaminghelger. Det er fagleg godt og dessutan sosialt.
- Vi oppsummerer at vi vert stadig flinkare å bruke tilboda, men vi har meir å gå på.

Vidare er det viktig å få SIM-arena i meir aktiv bruk på fritida til studentane. Anny jobbar i denne samanheng med å få på plass studentassistentar.

### **12/25: Campusutvikling – oppfylgging av styreseminaret 5. april. Monica og Øyvind.**

Stikkord:

- Studieportefølgja er avgjerande
- At robotlaben vart flytta opp til Vie frå Verftet er eit avgjerande grep.
- Samarbeidet etter Campus Vie-prosjektet og det som framleis skjer nede på Verftet er sentralt for HVL/Førde.
- Samla sett er helseteknologi vårt viktigaste komparative fortrinn på Campus Førde.

### **13/25: Lunsjverkstaden om «struktur på samskapingsprosessar innan forskning ved HVL/Førde - kva støttestrukturar og muligheiter finst for tilsette som ønsker å utvikle idear og innovasjon.» Oppsummering og oppfylgging etter diskusjonen på bakgrunn av Yngve Lamo si innleiing.**

## Stikkord:

- Kan vi etablere eit felles valfag på 5 SP i helseteknologi?
- Kan vi søkje på bransjeprogram på helseteknologi?
- Samarbeidet med kommunar, Helse Førde og næringslivet må utviklast.
- Det skjer mykje – vi må informere kvarandre. Vi treng felle digital plattform i helseklynga. Dette må vi bestille.
- Lær av helseteknologikonferansen i februar – der presenterte HVL mange av sine tilsette med innlegg. Desse framstod som tydelege «vinnarar».
- Fleire ideverkstader.
- Innovasjonsdag - 8. oktober 2025 er førebels dag.
- Vi må ha helseteknologi som fast punkt på Campusmøta.